

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF  
**DATO:** 07.12.2022  
**SAKSHANDSAMAR:** Kjell Inge Solhaug  
**SAKA GJELD:** **Nye Førde sjukehus - løypemelding**  
**ARKIVSAK:** 2020/1992

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
16.12.2022

**STYRESAK:**  
081/2022

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek løypemeldinga til vitende.

## Oppsummering

Bygginga av Livabygget går godt, framdrifta er som planlagt og dialogen med Veidekke er god. Aktiviteten har auka sterkt i omfang og breidde etter ferien. Dagleg er det no kring 100 personar på eller innom byggeplassen.

Veidekke slår i sin rapport for oktober fast at det ligg føre eit godt grunnlag for å lukkast i den vidare gjennomføringa av prosjektet. Dei ser no på om det er råd å ferdigstille arbeidet slik at prosjektet kan overleverast rundt 20. juni 2024. Dette vil i så fall vere ca. to månader før kontraktsfesta dato.

Styrevedtaket i Helse Vest i samband med økonomisk langtidsplan utfordrar helseføretaka på å vurdere konsekvensar av å utsetje investeringar. Det er no laga reviderte planar for gjennomføring med redusert omfang, og det blir rapportert vidare i høve til dette reviderte omfanget.

Det vert no lagt opp til å utsetje investeringane i Svanabygget, omtalt som Svana 2 og Svana 3. For å kunne utsetje desse ombyggingane er det introdusert eit nytt prosjekt «Svana mini» der dei tiltaka som må gjennomførast for å kunne utsetje Svana 2 og Svana 3 er lagt inn. Budsjettet for Svana 2 og 3 er 286 millionar i 2022 kroner. Men på grunn av inflasjon utover deflator, meirforbruk på Liva og Svana 1, samt «Svana mini» medfører utsetjinga ein reduksjon på 100 millionar.

## Kommentarar

Det er laga reviderte planar for gjennomføring som følgje av fleire endringar og dette er innarbeidd i rapporteringa:

- Svana 2 og 3 er utsatt til føretaket har tilstrekkeleg investeringsevne. Reduksjonen medføre ei utsetting av 286 millionar minus andel av felleskostnader på 17 millionar. Til saman 269 millionar.
- Liva og Svana 1 vert justert på grunn av fleire forhold:
  - Forskjell mellom deflator og kostnadsindeks er estimert til om lag 90 millionar.
  - Innreiing av dei to siste operasjonsstovene er teke inn i Liva med 20 millionar.
  - Endringar og overskridingar 40 millionar
- Svana mini har ei førebels ramme på 32 millionar.
- Det blir rapportert mot den totale vedtekne ramma på 1,975 milliardar. Dette er da i 2023 kroner.

### **Endring i rapportering**

Vedtekne ramme i 2023 kroner	1975
Utsetting av Svana 2 og 3 justert for deflator på 3,8 prosent (286-17)*1,038)	-279
Differanse mellom kostnadsindeks og deflator (Liva og Svana 1)	90
Endring og meirforbruk jfr statusrapport sept 2022	40
Innreiing av dei to siste operasjonsstovene	20
Svana mini	32
Diverse postar	-3
<hr/> Justert ramme Nye Førde Sjukehus / Sluttprognose utan Svana 2 og 3	<hr/> 1875

Den store risikoen i Nye Førde sjukehus er knytt på differanse mellom kostnadsutviklingsindeks for byggeprosjekt og deflator. Denne er no talfesta og teken inn i den økonomiske rapporteringa delvis som ein kalkulert verdi og delvis som ein kostnadsrisiko i sluttprognosen.

Krigen i Ukraina og produksjonskapasitet i Asia er definert som den andre store risikoen i prosjektet som vil kunne råke både kostnad og framdrift. Veidekke og Helse Førde gjennomfører kvar månad felles risikovurderingar knytt til materialar og komponentar i prosjektet og overvakar denne utviklinga. I desse vurderingane er det særleg elektronikk og elektriske komponentar som no er ein stor risiko.

### **Vedlegg**

Månadsrapport for november